

EID FOTBALL 1962 – 1977



Samla av Rolf Salveson og Håkon Aabrekk

20.08.2021 Samling for innhenting av dokumentasjon



Liggande framme: Laurits Fjørtoft

Første rekke frå venstre: Kristian Bjørlo, Rune Holmgren, Rune Kroken, Ivar Moen, Asle Rosø, Rolf Salveson, Rune Totland, Arild Heggen.

Andre rekke frå venstre: Svein Olav Myklebust, Rasmus Myklebust, Harald Kolseth, Stein Salveson, Håkon Aabrekk, Atle Sunde

KVEN SPELTE PÅ EIDS A-LAG I PERIODEN 1962-1977?

Forord

Det er skrive lite om kven som spelte på Eids A-lag både historisk og på ein systematisk måte. Dette prosjektet er eit forsøk på å få oversikt over spelarar, resultat og statistikk i ei avgrensa periode. Arbeidet med å leite fram stoff frå fleire tiår tilbake har vore både krevjande og morosamt. Ein klubb som EID bør, med respekt å melde, ha eit historisk arkiv slik mange andre klubbar har fått på plass.

1.0 Introduksjon

Ideen med dette prosjektet fekk vi gjennom mimring frå vår eiga tid som spelarar for Eid. Vi hugsa litt likt og andre ting ulikt - om både resultat og spelarar - og ville prøve å finne ut meir. Kvar skulle vi starte? På heimesida til EID Fotball var det lite å finne. Det er tilfeldig at vi starta i 1962, og meir bestemt at vi enda opp i 1977. Ei utfordring var at vi hadde få offisielle kjelder, og difor delvis nytta private arkiv.

For å samle fleire opplysningar og få stadfesta eller korrigert den informasjonen vi hadde, fekk vi ideen om å samle spelarar frå den bolken vi har teke føre oss. Før møtet fekk vi låne fleire arkiv som vi studerte og samanlikna med det vi allereie hadde tilgang til.

Eit delmål for oss var at dette arbeidet kunne bli starten på eit arkiv; enten det er som følge av nostalgi, eller at vi trur det kan ha ein kulturhistorisk verdi også for lokalsamfunnet Eid. I denne perioden bestod Eid sitt A-lag av lokale spelarar. At dei andre konkurrerende klubbane i Nordfjord i denne perioden hadde klart å rykke opp i 3. divisjon, byrja etterkvart å bli "pinleg" (Sandane -65, Stryn -68,-Tornado -69 og Måløy -71). Mange av Eid sine spelarar var tidleg på 70-talet motiverte til å prøve seg ein divisjon høgare. Ikkje alle spelarar med familie var like motiverte i starten, mest grunna mange lange reiser med overnatting. Dette var tida for dei glade amatørar, og tida før media tok over fotballunderhaldninga. Vi var så heldige at ganske mange tilskodarar omkransa bana på kampane våre.

Vi heldt fast på vårt mål om å få ein oversikt over kven som har spelt for Eids A-lag i denne perioden, og fekk i tillegg laga ein oversikt over kven som hadde spelt flest sesongar, og kven som hadde scora mål. For å få til dette måtte vi finne fram til tabellane og sjekke resultatata på kvar kamp, kvar sesong - opp mot alle våre andre kjelder.

2.0 Metode

Metoden er kvantitativ og byggjer på namn, tal på kampar og resultat vi har funne i offentlege og private kjelder. At kjeldene kunne vise ulike tabellar og resultat medførte ein del arbeid med kryssjekking. Vi hadde lenge håp om at dommarkorta som lagledarane fylte ut før kampstart, og som dommarane supplerte med målscorarar og gule/raude kort (frå 1970) etter kampslutt skulle finnast, fysisk eller digitalt. I følgje Fotballkretsen i Sogn & Fjordane skal mykje no vere digitalisert, men vi har ikkje vore i stand til å finne denne informasjonen i fylkesarkivet. Om manglande informasjonen skulle kome fram seinare, så vil ein med større sikkerheit kunne fastslå nøyaktig tal på kampar og scora mål for den enkelte spelar.

Vi fann fram til ei arbeidsdeling der ein av oss skulle kartlegge kven som spelte når, og den andre skulle finne fram til resultat og tabellar.

Det starta med private fotballnotatar, diverse handskrivne hefter, og bøker og terminlister frå tidlegare spelarar frå like og ulike periodar. Kven som spelte på A-laget til kva tid måtte puslast saman, fordi dei spelarane som hadde notert kven og når kanskje hadde spelt kampar berre delar av sesongen. Nokre hadde kanskje vore borte ein eller fleire sesongar grunna militære, studiar, arbeid eller andre grunnar.

Dei private kjeldene viser for nokre sesongar både seriekampar, vennskaps/privatkampar og cupkampar, medan andre sesongar viser berre seriekampar. Slik har nokre spelarar fått notert fleire eller færre kampar, noko som forklarar ulikt antal og type kampar notert i kjeldene. Vi valde difor i tillegg å lage ei oversikt over kven som har spelt flest antal sesongar i heile perioden 1962-1977. Tala for heile perioden viser likevel kven som har scora mest - ut frå dei kjelder vi har funne.

3.0 Resultat

Resultatet kjem fram i form av ein oversikt over:

- Kven som har spelt kampar
- Kven som scora mål
- Kven som har spelt flest sesongar i denne perioden
- Resultat i alle spelte kampar for kvar sesong og slutt-tabell

4.0 Konklusjon

Namn på spelarar og antal spelte kampar, ut frå dei kjelder vi har hatt til rådighet, gjev eit bilete på kven som har aksla den gule trøya i perioden trass i litt mangelfull kjeldemateriell frå enkelte sesongar. For spelarar som også var aktive før 1962 gjev ikkje tala våre eit rett bilete av deira samla kampar for Eid. Heller ikkje for dei som starta karrieren rett før 1977. Det vil difor vere av stor verdi at nokon fører arbeidet vidare fram mot vår digitale tid. Å gå i gang med gravearbeid i perioden frå 1945-1962 kan sjå meir komplisert ut.

Tre personar har no sagt seg villige til å ta over stafettpinnen med tanke på å føre historia til A-laget vidare fram i tid, lukke til!

Etterord

Eit lite generasjonskifte fann stad tidlig på 70-talet. Stammen i laget med Svein Ness, Rasmus Myklebust, Arne S. Bjørlo, Kjell Nøstdal, Arve Dahl, Rune Totland, Stein Salveson og Sigmund Lefdal var framleis med, og inn kom unge spelarar som Arve "Donald" Torheim, Rolf "Doffen" Salveson, Håkon Aabrekk, Harald Kolseth, Arild Heggen og Harald Olav Aabrekk. Eit litt større generasjonskifte skjedde midt på 70-talet etter opprykket i 1975. Stammen frå eit godt juniorlag var klare, og spelarar som Magnar Heggen, Rune Holmgren, Atle Hustveit, Rune Kroken, Frode Nord, Kristian Bjørlo, Ole Jan Skår og Asle Rosø skulle prege det nye 3.divisjonslaget. Ein kommentar knytt til det at spelarar på denne tida var "stadbundne" - det at veldig få spelarar skifta klubb men heldt seg til moderklubben gjorde at Eid kanskje kunne ha greidd opprykk nokre år før 1975 - dersom eit par spelarar frå naboklubben vår hadde stått imot presset og lokalpatriotismen på Haugen og meld overgang til Eid. Dei hadde både lyst og ambisjonar om spel i høgare divisjonar, men rivaliseringa mellom klubbane vart for stor. I dette høvet trur vi det var leiarane som stoppa dei aktive frå overgang til Eid.

Lagoppstillingar og tabellar.

I lagoppstillingane har vi valgt å plassere spelarane i 4 grupper, målmenn, forsvararar, midtbane- og angrepsspelarar. Dette fordi fleire av spelarane spelte i forskjellige posisjonar frå kamp til kamp.

Vi gjer og merksam på at det ikkje er samsvar mellom totalt antal scora mål i målscorarar-tabellane og antal mål i sluttbellane. I nokre sesongar er det registrert fleire scora mål enn det som kjem fram i sluttbellane, i andre sesongar færre. Dette skuldast at det for nokre sesongar er registrert mål både i serie, cup og privatkampar, medan det i andre sesongar berre er registrert mål i seriekampar. Vi har kun brukt tal vi kan dokumentere ut frå våre kjelder, og derfor er det mange mål, i nesten alle sesongane, som har ukjende målsorarar. Utfordringar er knytt til at lokalavisa i brorparten av perioden berre refererte heimekampane. Bortekampane våre var det lokalavisene på staden som skreiv om, og ofte var ikkje namnet på bortelaget sine målsorarar nemnd.

1962 – Lagoppstilling

	B. Kaldhol 8	E. Kjørstad 4		
E. Bjørlo 9		L. Englund 8		K. E. Smørdal 10
T. Hansen 8		O. Visnes 5		H. Heggen 10
	S. Heggen 10	S. Myklebust 3		
L. Wedvik 6	R. Totland 10	O. Johnsen		S. Taklo 8
A. Wedvik 4	S. Holst 2	A. Os 7		L. Heggen 6

1962 - Målscorarar

Sverre Heggen	11
Rune Totland	4
Leif Wedvik	4
Knut Osnes	2
Arne Wedvik	2

1962 – Kampresultat 4. divisjon

	Dale	Eid	Florø	Høyang	Jotun	Måløy	Sandane	Sogndal
Dale		2-1	2-2	3-4	2-5	4-0	0-2	2-0
Eid	5-1		7-1	1-1	1-3	4-2	2-2	1-2
Florø	2-6	0-1		3-2	1-5	1-5	2-4	0-1
Høyang	1-0	2-1	2-2		1-3	2-2	5-2	4-1
Jotun	6-1	4-0	8-1	5-0		6-1	2-0	1-0
Måløy	0-0	7-1	3-0	4-2	1-4		2-2	0-2
Sandane	3-0	2-1	1-7	6-0	3-2	1-1		1-4
Sogndal	4-3	1-0	2-2	6-0	2-2	7-0	4-0	

1962 – Tabell

	Kamper	S	U	T	Mål	Poeng
Jotun	14	12	1	1	56-14	25
Sogndal	14	9	2	3	36-16	20
Sandane	14	6	3	5	29-32	15
Høyang	14	5	3	6	26-39	13
Måløy	14	4	4	6	28-36	12
Eid	14	4	2	8	26-30	10
Dale	14	4	2	8	26-35	10
Florø	14	3	3	8	24-49	9

1963 – Lagoppstilling

B. Kaldhol 10	E. Kjørstad 4	K. Grinde 1	I. Nord
E. Bjørlo 17	Ø. Nesse	K. Smørdal 18	
L. Englund 8	Leon Wedvik 5	O. Skaugset 2	
H. Heggen 20	T. Hansen 14	O. Osen 3	
S. Heggen 19	S. Myklebust 12	H. Haugan 2	
Leif Wedvik 15	K. Osnes 2	S. Holst 19	S. Taklo 18
R. Totland 11	A. Wedvik 5	A. Os 7	

1963 - Målscorarar

Sjur Holst	18
Sverre Heggen	14
Leif Wedvik	6
Rune Totland	5
Håkon Heggen	5
Svein Taklo	3
Arne Wedvik	3
Knut Osnes	2
Alf Os	2

1963 – Kampresultat 4. divisjon

	Dale	Eid	Florø	Høyang	Måløy	Sandane	Stryn	Sogndal
Dale		1-1	3-1	2-0	4-1	1-4	4-0	0-0
Eid	3-2		1-2	2-0	2-1	4-1	7-0	3-2
Florø	2-2	3-1		5-1	2-1	1-2	7-1	1-1
Høyang	1-3	1-4	0-3		1-6	4-0	5-3	0-3
Måløy	1-2	2-2	1-1	3-1		4-2	7-1	4-1
Sandane	4-2	1-1	1-2	2-1	2-1		3-0	4-2
Stryn	2-6	3-2	2-3	2-3	2-3	0-10		1-1
Sogndal	6-1	4-1	7-1	3-1	6-0	4-0	5-0	

1963 – Tabell

	Kamper	S	U	T	Mål	Poeng
Sogndal	14	8	3	3	45-17	19
Florø	14	8	3	3	34-24	19
Eid	14	7	3	4	34-23	17
Dale	14	7	3	4	33-26	17
Sandane	14	7	1	6	33-30	15
Måløy	14	6	2	6	25-29	14
Høyang	14	3	0	11	19-41	6
Stryn	14	1	1	12	17-64	3

1964 – Lagoppstilling

L. Wedvik S. Ness

K. Lien S. Taklo O. Skaugset K. Smørdal

H. Heggen O. Osen T. Hansen

A. Kvien S. Heggen H. Haugan

A. Bjørlo S. Myklebust K. Osnes R. Totland

S. Holst A. Os

1964 - Målscorarar

Sjur Holst 7

Håkon Haugan 2

Håkon Heggen 2

Oddmund Osen 2

Sverre Heggen 2

1964 – Kampresultat 4. divisjon

	Dale	Eid	Florø	Måløy	Sandane	Sogndal	Tornado	Vik
Dale		1-4	7-3	3-2	1-0	1-1	3-0	2-2
Eid	3-1		6-1	1-2	3-0	0-4	1-1	7-2
Florø	2-0	0-2		3-2	4-1	2-3	3-2	7-0
Måløy	2-2	3-2	3-0		1-3	1-1	1-2	7-1
Sandane	3-1	3-0	4-1	1-2		2-0	6-1	8-1
Sogndal	1-1	0-2	5-3	5-2	5-0		3-0	2-0
Tornado	3-1	0-3	3-0	0-2	2-3	0-1		3-2
Vik	1-2	3-4	1-2	1-2	5-0	0-6	1-1	

1964 – Tabell

	Kamper	S	U	T	Mål	Poeng
Sogndal	14	8	3	3	35-14	21
Eid	14	9	1	4	38-21	19
Sandane	14	8	0	6	34-27	16
Måløy	14	7	2	5	32-25	16
Dale	14	5	4	5	26-27	14
Florø	14	6	0	8	31-39	12
Tornado	14	4	2	8	18-26	10
Vik	14	1	2	11	20-53	4

1965 – Lagoppstilling

S. Ness 7 L. Wedvik 10

E. Bjørlo 4

K. Smørdal 12

J. Sætre

O. Skaugset 11

L. Englund 3

S. Taklo 7

T. Hansen 1

A. Taklo 1

O. Osen 10

O. Myklebust 5

H. Haugan 13

H. Heggen 14

S. Heggen 10

R. Totland 11

A. Bjørlo 9

E. Nøstdal 1

S. Myklebust 13

S. Holst 9

A. Os 6

1965 - Målscorarar

Severin Myklebust 13

Sverre Heggen 6

Rune Totland 5

Håkon Heggen 4

Sjur Holst 3

1965– Kampresultat 4. divisjon

	Dale	Eid	Florø	Høyang	Måløy	Sandane	Stryn	Tornado
Dale		4-0	5-4	3-6	4-3	1-2	6-0	1-1
Eid	5-1		2-0	4-2	1-0	1-1	6-0	3-1
Florø	1-2	2-0		1-4	3-2	1-6	7-0	3-1
Høyang	7-0	8-1	3-2		5-2	0-0	5-1	10-0
Måløy	5-1	2-1	2-1	2-3		0-1	4-0	1-0
Sandane	8-0	2-4	6-2	2-0	4-1		6-3	6-2
Stryn	4-1	1-6	0-6	0-2	2-3	1-9		1-4
Tornado	3-3	4-1	1-2	4-1	2-3	2-2	5-0	

1965 – Tabell

	Kamper	S	U	T	Mål	Poeng
Sandane	14	10	3	1	55-17	23
Høyang	14	10	1	3	56-22	21
Eid	14	8	1	5	35-28	17
Måløy	14	7	0	7	30-28	14
Florø	14	6	0	8	35-34	12
Dale	14	5	2	7	32-49	12
Tornado	14	4	3	7	30-37	11
Stryn	14	1	0	13	13-70	2

1966 – Lagoppstilling

	S. Ness	L. Wedvik	
S. Taklo	L. Englund	A. Dahl	
H. Heggen	O. Osen	T. Hansen	
S. Heggen	H. Haugan	A. Os	
A. Bjørlo	S. Holst	O. Myklebust	

1966 - Målscorarar

Sjur Holst	16
Sverre Heggen	9
Rune Totland	5
Svein Taklo	4
Severin Myklebust	2
Arne Steen Bjørlo	1
Håkon Heggen	1
Oddmund Osen	1
Rasmus Myklebust	1

1966 – Kampresultat 4. divisjon

	Dale	Eid	Florø	Haugen	Høyang	Måløy	Syril	Tornado
Dale		0-2	2-2	3-2	1-2	2-2	1-6	1-5
Eid	4-0		2-2	4-1	5-4	4-0	8-0	1-0
Florø	1-0	1-5		4-1	2-4	3-1	1-2	2-5
Haugen	5-0	2-6	6-1		2-5	4-2	2-2	1-6
Høyang	2-2	4-2	2-0	4-3		4-0	3-1	1-3
Måløy	3-0	0-2	2-1	5-0	2-0		1-0	2-1
Syril	3-3	3-1	3-2	2-1	1-4	3-4		3-6
Tornado	11-1	2-0	2-0	7-2	3-3	3-1	6-1	

1966 – Tabell

	Kamper	S	U	T	Mål	Poeng
Tornado	14	11	1	2	60-19	23
Eid	14	10	1	3	46-19	21
Høyang	14	9	2	3	42-27	20
Måløy	14	7	1	6	25-27	15
Syril	14	5	2	7	30-43	12
Florø	14	3	2	9	22-37	8
Haugen	14	3	1	10	32-51	7
Dale	14	1	4	9	16-50	6

1967 – Lagoppstilling

L. Fjørtoft 16

E. Bjørlo 13 L. Englund 8 K. Lien 4 C. Bakken 3

H. Heggen 16 A. Sunde 13

S. Heggen 16 R. Myklebust 14

A. Bjørlo 16 S. Myklebust 6 R. Totland 4 J. Bjørlo 4
S. Taklo 16 O. Myklebust 3 A. Os 3

1967 - Målscorarar

Arne Steen Bjørlo	7
Rasmus Myklebust	5
Sverre Heggen	5
Severin Myklebust	3
Håkon Heggen	2
Atle Sunde	1
Rune Totland	1

1967 – Kampresultat 4. divisjon

	Eid	Førde	Høyang	Jotun	Måløy	Sandane	Stryn	Tornado
Eid		9-0	5-1	1-2	1-1	5-1	1-0	3-3
Førde	1-6		1-7	1-5	2-1	3-1	1-1	1-3
Høyang	3-1	1-2		6-2	2-2	2-0	2-1	3-3
Jotun	3-2	12-0	6-0		7-2	3-1	1-0	5-2
Måløy	7-2	5-1	6-1	2-3		7-3	0-5	3-5
Sandane	2-2	2-2	1-3	4-1	2-2		1-0	0-3
Stryn	1-1	4-1	2-1	2-0	1-3	5-0		1-3
Tornado	3-2	6-2	1-2	1-1	1-0	9-0	0-0	

1967 – Tabell

	Kamper	S	U	T	Mål	Poeng
Jotun	14	10	1	3	51-24	21
Tornado	14	8	4	2	43-23	20
Høyang	14	7	2	5	34-33	16
Eid	14	5	4	5	41-28	14
Stryn	14	5	3	6	23-17	13
Måløy	14	5	3	6	39-36	13
Førde	14	3	2	9	18-63	8
Sandane	14	2	3	9	20-46	7

1968 – Lagoppstilling

L. Fjørtoft 9

S. Ness

C. Bakken 9

E. Bjørlo 9

S. Taklo 9

H. Heggen 9

S. Lefdal 9

S. Salveson 2

A. Sunde 9

A. Dahl 7

S. Heggen 7

R. Myklebust 6

A. Bjørlo 6

J. Myklebust 2

A. Torheim 3

O. Myklebust 1

H. Molle 1

S. Holst 6

R. Totland 3

O. Midthjell 1

1968 - Målscorarar

Rasmus Myklebust 6

Sverre Heggen 5

Atle Sunde 3

Arne Steen Bjørlo 2

Sigmund Lefdal 1

1968 – Kampresultat 4. divisjon

	Eid	Florø	Førde	Haugen	Høyang	Måløy	Stryn	Tornado
Eid		4-2	5-0	8-3	3-1	3-2	2-2	1-4
Florø	3-1		4-2	1-1	0-1	1-1	2-4	4-0
Førde	1-4	2-2		2-4	1-4	3-5	0-4	2-4
Haugen	1-1	2-1	3-1		2-0	2-0	2-5	3-5
Høyang	2-2	4-2	6-1	4-0		2-3	1-0	2-1
Måløy	2-2	3-2	7-1	5-1	5-2		4-2	1-9
Stryn	2-1	6-1	9-0	6-1	5-0	3-3		5-0
Tornado	7-1	5-2	7-1	1-3	6-0	6-1	1-2	

1968 – Tabell

	Kamper	S	U	T	Mål	Poeng
Stryn	14	10	2	2	55-18	22
Tornado	14	9	0	5	56-28	18
Måløy	14	7	3	4	42-39	17
Eid	14	6	4	4	38-32	16
Høyang	14	7	1	6	29-31	15
Haugen	14	6	2	6	28-40	14
Florø	14	3	3	8	27-36	9
Førde	14	0	1	13	17-68	1

1969 – Lagoppstilling

S. Ness 11

M. Nord 1

S. Taklo 7

L. Englund 11

N. Haugen 8

S. Lefdal 5

H. Heggen 8

A. Dahl 11

S. Salveson 3

R. Myklebust 12

A Sunde 4

S. Myklebust 8

S. Heggen 9

I. Moen 1

A. Bjørlo 12

R. Totland 12

A. Torheim

3

O. Myklebust 10

1969 - Målscorarar

Rasmus Myklebust 15

Severin Myklebust 6

Sverre Heggen 4

Ove Myklebust 3

Rune Totland 3

Arne Steen Bjørlo 1

1969 – Kampresultat 4. divisjon

	Eid	Florø	Haugen	Høyang	Måløy	Sandane	Tornado	Årdalstan.
Eid		1-0	8-0	0-0	1-2	2-1	3-2	2-1
Florø	0-1		5-1	3-2	2-3	4-0	0-1	4-1
Haugen	1-3	2-3		7-5	1-4	3-3	0-14	2-4
Høyang	3-0	3-2	4-1		3-1	5-0	1-2	5-1
Måløy	1-4	10-1	10-2	2-1		6-2	0-0	3-0
Sandane	2-6	1-0	4-1	3-1	1-4		3-7	0-6
Tornado	3-1	10-0	7-2	8-2	3-2	5-1		3-3
Årdalstan.	3-3	2-0	2-1	2-2	2-1	3-2	5-1	

1969 – Tabell

	Kamper	S	U	T	Mål	Poeng
Tornado	14	10	2	3	66 - 23	22
Eid	14	9	2	3	35 - 19	20
Måløy	14	9	1	4	49 - 23	19
Årdalst.	14	7	3	4	35 - 29	17
Høyang	14	6	2	6	36 - 32	14
Florø	14	5	0	8	24 - 38	10
Sandane	14	3	1	10	23 - 53	7
Haugen	14	1	1	12	24 - 76	3

1970 – Lagoppstilling

O. Myklebust 6 A. Nes S. Ness R. Hestenes

S. Taklo 5 L. Englund 4 H. Aabrekk 2 R. Salveson 3

A. Bjørlo 4 K. Nøstdal 4 S. Salveson 1

A. Sunde 5 H. Heggen 1 A. Dahl 6

S. Heggen 6 R. Myklebust 2 S. Lefdal 5

R. Totland 6

A. Torheim 5

J. Valør 2

1970 - Målscorarar

Rasmus Myklebust 2

Rune Totland 2

Arve Torheim 1

Sverre Heggen 1

Rolf Salveson 1

Arve Dahl 1

Sigmund Lefdal 1

1970 – Kampresultat 4. divisjon

	Dale	Eid	Høyang	Jotun	Måløy	Stryn	Syril	Årdalstan.
Dale		2-4	1-1	0-5	3-1	6-0	9-0	2-0
Eid	1-1		0-1	4-0	2-2	4-0	3-0	1-4
Høyang	3-0	4-2		0-0	1-1	8-0	4-0	3-2
Jotun	1-1	6-0	4-0		2-2	5-0	10-0	2-0
Måløy	1-1	4-2	6-1	1-4		2-1	2-1	0-0
Stryn	7-2	0-1	1-0	0-3	0-7		1-0	2-2
Syril	2-3	0-2	0-4	1-3	1-7	0-4		1-1
Årdalstan.	1-2	2-3	2-0	0-2	2-3	3-2	2-1	

1970 – Tabell

	Kamper	S	U	T	Mål	Poeng
Jotun	14	10	3	1	47-9	23
Måløy	14	7	5	2	39-21	19
Høyang	14	7	3	4	30-19	17
Dale	14	6	4	4	33-27	16
Eid	14	7	2	5	29-26	16
Årdalst.	14	4	3	7	21-24	11
Stryn	14	4	1	9	18-43	9
Syril	14	0	1	13	7-55	1

1971 – Lagoppstilling

S. Ness 7 T. Paulsen L. Fjørtoft

A. Bjørlo 10 K. Nøstdal 10 H. Aabrekk 4
L. Englund 1 R. Salveson 8

A. Sunde 8 S. Salveson 9 A. Dahl 10 S. Taklo 6

A. Torheim 9 S. Heggen 5 R. Myklebust 10 O. Myklebust 11
J. Bjørlo 1 H. Thoresen 2 R. Totland 10 K. Lilleng S. Lefdal 7

1971 - Målscorarar

Rasmus Myklebust	8
Arve Torheim	4
Sigmund Lefdal	2
Sverre Heggen	2
Rune Totland	2
Ove Myklebust	2
Arve Dahl	1

1971 – Kampresultat 4. divisjon

	Dale	Eid	Florø	Høyang	Måløy	Sandane	Tornado	Årdalstan.
Dale		0-1	1-0	0-0	6-2	2-1	3-4	6-0
Eid	3-2		4-0	0-0	5-7	3-0	2-3	3-1
Florø	2-4	0-3		3-2	0-1	0-0	0-1	1-3
Høyang	5-0	3-2	2-0		1-2	1-0	2-2	1-2
Måløy	2-0	0-2	6-0	4-1		3-1	2-2	1-1
Sandane	3-1	2-4	7-1	1-3	2-3		1-0	0-0
Tornado	8-0	4-1	6-2	12-0	1-2	8-0		0-0
Årdalstan.	0-3	2-1	4-2	1-0	2-5	1-3	1-5	

1971 – Tabell

	Kamper	S	U	T	Mål	Poeng
Måløy	14	10	2	2	40-22	22
Tornado	14	9	3	2	56-16	21
Eid	14	8	1	5	34-24	17
Dale	14	6	1	7	28-31	13
Høyang	14	5	3	6	21-29	13
Årdalstan.	14	5	3	6	18-31	12
Sandane	14	4	2	8	21-30	9
Florø	14	1	1	12	11-42	3

1972 – Lagoppstilling

S. Ness 13 T. Paulsen 1 T. Noste 3 S. Haugland 2 A. Ness 2

A. Bjørlo 11 S. Salveson 17 K. Nøstdal 16 R. Salveson 12

Hå Aabrekk 3 H. Kolseth 13 J. Myklebust 3 L. Englund 3

A. Heggen 12 V. Sjøvold 10 A. Dahl 1

R. Totland 13 R. Myklebust 12 S. Lefdal 16

K. Lilleng 10 A. Torheim 10 O. Myklebust 5 J. Jensen 7

H. Thoresen 2 S. Heggen 1 S. Taklo 1 J. Bjørlo 2 O. Ravnestad

1972 - Målscorarar

Rasmus Myklebust 8

Arve Torheim 5

Arne Steebn Bjørlo 5

Jens Jensen 3

Konrad Lilleng 3

Rolf Salveson 2

Arild Heggen 2

Ove Myklebust 2

Jostein Bjørlo 2

1972 – Kampresultat 4. divisjon

	Dale	Eid	Førde	Horn.d.	Høyang	Jotun	Tornado	Årdalstan.
Dale		2-0	3-2	3-0	2-0	3-0	1-3	0-2
Eid	2-0		4-1	6-1	2-0	0-2	1-4	4-3
Førde	0-3	1-6		1-1	1-1	0-0	0-6	1-1
Hornindal	3-6	2-4	1-3		2-2	0-6	1-3	1-3
Høyang	3-2	1-0	1-0	1-0		1-3	0-2	2-5
Jotun	2-2	5-0	0-0	2-0	4-0		3-2	0-2
Tornado	3-1	4-0	7-0	14-1	6-0	4-1		3-1
Årdalstan.	0-3	2-1	3-0	5-2	1-0	0-1	0-2	

1972 – Tabell

	Kamper	S	U	T	Mål	Poeng
Tornado	14	13	0	1	63-10	26
Jotun	14	8	3	3	29-14	19
Dale	14	8	1	5	30-20	17
Årdalstang.	14	8	1	5	28-19	17
Eid	14	7	0	7	30-28	14
Høyang	14	4	2	8	12-30	10
Førde	14	1	5	8	10-37	7
Hornindal	14	0	2	12	15-59	2

1973 – Lagoppstilling

O. Myklebust 13 S. Ness 4 S. Haugland 4 O. Myklebust 2

A. Bjørlo 13 Hå. Aabrekk 13 He. Aabrekk 16 S. Salveson 14

A. Hustveit 1 K. Nøstdal 5 H. Kolseth 3 J. Myklebust 8

R. Salveson 15 A. Heggen 14 S. Lefdal 7 A. Dahl 16

H. O. Aabrekk 16 K. Bjørlo 1 O. Skaar 2

R. Totland 2 R. Kroken 2 R. Myklebust 16

A. Torheim 13 O. Ravnestad 3

1973 - Målscorarar

Harald Olav Aabrekk 13

Rolf Salveson 6

Arve Torheim 5

Arild Heggen 3

Rasmus Myklebust 2

Arve Dahl 2

Ove Myklebust 1

1973 – Kampresultat 4. divisjon

	Dale	Eid	Florø	Haugen	Høyang	Jotun	Måløy	Årdalst.
Dale		1-3	0-3	3-1	5-0	0-1	0-1	1-4
Eid	2-3		1-3	2-0	3-2	2-1	2-1	2-3
Florø	4-1	2-2		3-0	2-0	2-3	3-2	5-2
Haugen	4-1	1-2	3-1		10-1	0-2	7-5	1-2
Høyang	1-2	3-4	1-3	1-1		0-2	1-0	1-1
Jotun	1-1	8-1	1-0	7-3	5-1		4-1	1-1
Måløy	3-0	1-0	0-3	4-3	6-1	0-1		2-0
Årdalst.	1-0	1-1	2-1	2-1	4-0	1-2	4-0	

1973 – Tabell

	Kamper	S	U	T	Mål	Poeng
Jotun	14	11	2	1	40-15	24
Florø	14	9	1	4	35-19	19
Årdalst.	14	8	3	3	28-18	19
Eid	14	7	2	5	27-30	16
Måløy	14	5	0	8	26-28	10
Haugen	14	4	1	9	35-36	9
Dale	14	4	1	9	18-28	9
Høyang	14	1	2	11	13-48	4

1974 – Lagoppstilling

	S. Ness 13	O. Myklebust 4	
A. Bjørlo 11	H. Kolseth 14	K. Nøstdal 13	S. Salveson 15
R. Salveson 7	Hå. Aabrekk 7	A. Hustveit 1	He. Aabrekk 1
P. Sandbakk 15	O. Øyaseter 6	A. Dahl 8	R. Totland 11
A. Torheim 11	R Myklebust 15	S. Lefdal 5	
R. Kroken 11	A. Heggen 12	O. Skaar 5	

1974 - Målscorarar

Arve Torheim	10
Rasmus Myklebust	5
Arild Heggen	4
Peder Sandbakk	3
Rolf Salveson	2
Arne Steen Bjørlo	2
Sigmund Lefdal	2

1974 – Kampresultat 4. divisjon

	Dale	Eid	Florø	Hafslo/Bj.	Haugen	Vik	Måløy	Årdalstan.
Dale		4-2	4-1	2-0	1-1	2-0	2-2	1-0
Eid	2-2		0-0	1-2	2-1	12-1	4-1	3-1
Florø	1-2	2-1		2-0	4-0	4-1	0-1	4-2
Hafslo/Bj.	1-2	1-3	1-1		2-1	3-0	1-2	0-1
Haugen	2-0	1-1	5-1	1-0		2-1	0-1	1-3
Vik	0-3	0-0	1-2	1-0	2-1		0-8	0-1
Måløy	0-1	0-2	3-2	1-1	6-2	1-2		4-2
Årdalst.	1-0	0-0	2-2	2-1	0-0	1-0	2-1	

1974 – Tabell

	Kamper	S	U	T	Mål	Poeng
Dale	14	9	3	2	26-13	21
Eid	14	6	5	3	34-17	17
Årdalst.	14	7	3	4	18-17	17
Måløy	14	7	2	5	31-21	16
Florø	14	6	3	5	26-23	15
Haugen	14	4	3	7	18-24	11
Hafslo/Bj.	14	3	2	9	12-21	8
Vik	14	3	1	10	9-41	7

1975 – Lagoppstilling

	S. Ness 14	OJ. Myklebust 5	
A. Hustveit 14	R. Myklebust 14	K. Nøstdal 14	H. Kolseth 14
K. Bjørlo 2	H. Aabrekk 7	S. Salveson 3	
R. Holmgren 14	O. Øyaseter 7	A. Dahl 14	O. Myklebust 1
A. Bjørlo 14	M. Heggen 13	R. Sunde 14	
R. Kroken 14	A. Torheim 13	O. Skaar 12	

1975 - Målscorarar

Arve Torheim	16
Magnar Heggen	14
Rasmus Myklebust	10
Arne Steen Bjørlo	8
Rolf Sunde	4
Rune Kroken	4
Ola Øyaseter	2
Arve Dahl	2
Ole Jan Skår	1

1975 – Kampresultat 4. divisjon

	Eid	Florø	Haugen	Hafslo/Bjø	Høyang	Måløy	Sandane	Årdalst.
Eid		3-1	3-1	8-2	2-0	2-3	6-1	2-0
Florø	1-1		0-1	1-0	1-0	3-1	0-1	0-1
Haugen	0-0	3-2		3-1	1-0	1-1	5-1	1-3
Hafslo/B.	1-4	3-4	0-5		1-1	1-3	1-1	0-3
Høyang	1-2	2-1	1-10	5-0		0-0	2-2	1-1
Måløy	0-3	3-2	1-3	2-0	3-0		2-2	3-2
Sandane	0-1	2-1	1-1	2-0	2-1	2-3		3-1
Årdalst.	1-1	1-3	0-0	11-0	4-2	3-0	3-1	

1975 – Tabell

	Kamper	S	U	T	Mål	Poeng
Eid	14	10	3	1	38-12	23
Haugen	14	8	4	2	35-14	20
Årdalst-	14	7	3	4	34-17	17
Måløy	14	7	3	4	25-24	17
Sandane	14	5	4	5	19-27	14
Florø	14	5	1	8	20-20	11
Høyang	14	2	4	8	16-30	8
Hafslo/Bj.	14	0	2	12	10-53	2

1976 – Lagoppstilling

S. Ness 15 O. Myklebust 9

A. Bjørlo 17 H. Aabrekk 17 R. Myklebust 18 S. Salveson 19

A. Hustveit 1 K. Nøstdal 5 H. Kolseth 8 F. Nord 5 O. Skaar 5

R. Holmgren 18 R. Salveson 19 A. Dahl 19 K. Bjørlo 3

A. Torheim 18 H. O. Aabrekk 11 M. Heggen 19 R. Sunde 17

A. Heggen 2 J. Bjørlo 5 R. Kroken 2

1976 - Målscorarar

Arve Torheim	7
Magnar Heggen	7
Harald Olav Aabrekk	5
Rolf Salveson	3
Rune Holmgren	2
Rolf Sunde	1
Arve Dahl	1
Jostein Bjørlo	1

1976 – Kampresultat 3. divisjon

	Baune	Bjarg	Eid	Erdal	Fana	Florvåg	Ny-Kronb.	Sogndal	Tornado	Voss
Baune		0-0	1-5	1-2	1-2	0-0	6-0	1-1	2-0	1-1
Bjarg	0-3		1-2	1-0	0-3	0-2	0-1	1-4	0-0	0-1
Eid	1-0	2-1		2-2	2-1	2-0	0-0	0-2	0-1	5-1
Erdal	0-6	2-0	0-4		1-3	2-1	0-1	0-2	1-3	2-2
Fana	0-0	3-1	2-0	0-0		3-2	2-2	0-2	1-2	0-0
Florvåg	1-2	2-1	3-1	2-1	1-0		5-0	1-1	3-1	2-1
Ny-Kron	0-6	1-2	3-1	0-2	0-0	0-0		1-3	2-1	4-0
Sogndal	3-1	5-0	4-1	4-2	0-0	4-0	1-0		1-0	1-0
Tornado	0-4	4-0	3-0	5-1	3-0	3-1	1-2	0-3		2-0
Voss	2-1	5-1	4-0	2-4	0-1	0-0	2-2	1-5	4-1	

1976 Tabell

	Kampar	S	U	T	Mål	Poeng
Sogndal	18	15	3	0	46-8	33
Fana	18	8	6	4	22-16	22
Baune	18	7	5	6	31-18	19
Tornado	18	9	1	8	30-25	18
Florvåg	18	7	4	7	25-22	18
Eid	18	8	2	8	27-29	18
Ny-Kronb	18	6	5	7	19-27	17
Voss	18	5	5	8	26-32	15
Erdal	18	5	3	10	22-39	13
Bjarg	18	2	2	14	9-38	6

1977 – Lagoppstilling

S. Ness 15 O. Myklebust 5 K. Nord 4

H. Aabrekk 20 A. Bjørlo 17 R. Myklebust 15 A. Dahl 14

H. Kolseth 3 F. Sunde 1 F. Nord 18 O. Skaar 14 S. Salveson 6

R. Salveson 20 R. Holmgren 18 A. Rosø 16 K. Bjørlo 9 R. Haugland 6

A Torheim 13 H. O. Aabrekk 19 M. Heggen 15 R. Sunde 15

J. Bjørlo 5 R. Kroken 2 S. O. Myklebust 1 E. Totland 3 I. Myklebust 1

1977 - Målscorarar

Harald Olav Aabrekk 14

Arve Torheim 10

Magnar Heggen 7

Rolf Salveson 6

Rune Holmgren 5

Rolf Sunde 5

Asle Rosø 1

Ole Jan Skår 1

Jostein Bjørlo 1

Kristian Bjørlo 1

1977 – Kampresultat 3. divisjon

	Baune	Eid	Fana	Florvåg	Jotun	Ny-Kronb.	Sandv.	Tornado	Varegg	Voss
Baune		2-0	1-1	0-2	1-2	1-3	1-2	2-0	2-3	6-1
Eid	5-2		4-1	1-0	2-3	3-2	1-4	2-2	1-2	2-0
Fana	0-1	1-3		0-1	3-2	0-1	0-0	0-0	1-1	0-2
Florvåg	1-1	1-0	1-1		0-0	2-4	1-1	0-1	0-3	1-0
Jotun	5-1	1-0	0-0	1-0		1-1	1-1	2-0	0-0	1-1
Ny-Kronb.	1-3	2-0	0-0	1-1	1-0		3-0	3-1	1-0	3-1
Sandviken	0-1	3-1	0-1	0-1	1-1	1-2		0-3	0-0	3-1
Tornado	4-2	1-4	1-1	3-0	1-2	1-1	1-1		0-2	4-0
Varegg	1-1	1-3	0-0	0-3	3-1	1-0	1-0	0-0		1-0
Voss	1-1	0-3	0-2	2-0	0-1	0-2	0-0	0-3	0-1	

1977 – Tabell

	Kamper	S	U	T	Mål	Poeng
Ny-Kronb.	18	11	4	3	32-15	26
Varegg	18	9	6	3	20-13	24
Jotun	18	8	7	3	24-16	23
Eid	18	9	1	8	35-28	19
Tornado	18	6	6	6	26-22	18
Sandviken	18	5	7	6	17-20	17
Florvåg	18	6	5	7	15-19	17
Baune	18	6	4	8	29-32	16
Fana	18	3	9	6	15-20	15
Voss	18	1	3	14	8-35	5

Antal sesongar

*med namnet betyr tilflytta spelar

Namn	Fødd	'62	'63	'64	'65	'66	'67	'68	'69	'70	'71	'72	'73	'74	'75	'76	'77	Ses
Arne Sten Bjørlo	'47			x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	14
Rune Totland	'45	x	x	x	x		x	x	x	x	x	x	x					12
Svein Ness	'48			x	x	x		x	x	x		x	x	x	x	x	x	12
Sverre Heggen	'30	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x						11
Ove Myklebust	'47				x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x			11
Arve Dahl	'45					x		x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	11
Rasmus Myklebust	'49						x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	11
Svein Taklo	'45	x	x	x	x		x	x	x	x	x	x						10
Stein Salveson	'49							x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	10
Arve Torheim	'51							x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	10
Håkon Heggen	'35	x	x	x	x	x	x	x	x	x								9
Lars Englund	'36	x	x		x	x	x		x	x	x	x						9
Håkon Aabrekk	'53									x	x	x	x	x	x	x	x	8
Sigmund Lefdal	'41							x	x	x	x	x	x					7
*Kjell Nøstdal	'43									x	x	x	x	x	x	x		7
Rolf Salveson	'52									x	x	x	x	x		x	x	7
Alf Os	'34	x	x	x	x	x	x											6
Sjur Holst	'41	x	x	x	x	x		x										6
Severin Myklebust	'45	x	x	x	x		x		x									6
Harald Kolseth	'52											x	x	x	x	x	x	6
*Tage Hansen	'34	x	x	x	x	x												5

Namn	Fødd	'62	'63	'64	'65	'66	'67	'68	'69	'70	'71	'72	'73	'74	'75	'76	'77	Ses
Erling Bjørlo	'43	x	x		x		x	x										5
Atle Sunde	'50						x	x	x	x	x							5
Jostein Bjørlo	'48						x				x	x				x	x	5
Ole Jan Skaar	'57												x	x	x	x	x	5
Ole John Myklebust	'57												x	x	x	x	x	5
Rune Kroken	'57												x	x	x	x	x	5
Kjell Einar Smørdal	'43	x	x	x	x													4
Leif O Wedvik	'36	x	x	x	x													4
Håkon Haugan	'41		x	x	x	x												4
*Oddmund Osen	'37		x	x	x	x												4
Arild Heggen	'54											x	x	x			x	4
Atle Hustveit	'57												x	x	x	x		4
Kristian Bjørlo	'57												x		x	x	x	4
*Bjørn Kaldhol	'43	x	x	x														3
Olav Skaugseth	'42		x	x	x													3
Laurits Fjørtoft	'48						x	x			x							3
Harald Olav Aabrekk	'56												x			x	x	3
Magnar Heggen	'58														x	x	x	3
Rolf Sunde	'58														x	x	x	3
Rune Holmgren	'58														x	x	x	3
Arne Wedvik	'42	x	x															2
Eldar Kjørstad	'38	x	x															2
Knut Osnes	'22	x	x															2

Namn	Fødd	'62	'63	'64	'65	'66	'67	'68	'69	'70	'71	'72	'73	'74	'75	'76	'77	Ses
*Kjell Lien	'46			x			x											2
*Christian Bakken	'50						x	x										2
Magne Nord	'50								x	x								2
Arve Nes	'47									x		x						2
*Helge Thoresen	'53										x	x						2
*Konrad Lilleng	'50										x	x						2
*Tom Paulsen	'53										x	x						2
Jon Myklebust	'40											x	x					2
Ove Ravnstad	'53											x	x					2
Sam Haugland	'54											x	x					2
Henrik Aabrekk	'54												x	x				2
*Ola Øyaseter	'47													x	x			2
Frode Nord	'59															x	x	2
Leif Heggen	'44	x																1
Lidvard Bergset	'34	x																1
*Odd Magne Visnes	'38	x																1
Olav Johnsen	'23	x																1
John Olsen	'29	x																1
Arve Kvien	'35		x															1
Inge Nord	'37		x															1
Kjell Grinde	'41		x															1
Leon Wedvik	'38		x															1
Øystein Nesse	'34		x															1

Namn	Fødd	'62	'63	'64	'65	'66	'67	'68	'69	'70	'71	'72	'73	'74	'75	'76	'77	Ses
Arne Taklo	'45				x													1
*Even Nøstdal	'48				x													1
Jacob Sætre	'46				x													1
Harald Molle	'26							x										1
Ove Midthjell	'49							x										1
Ivar Moen	'51								x									1
*Nils Haugen	'45								x									1
*Jon Valør	'39									x								1
Rune Hestenes	'53									x								1
*Jens Jensen	'47											x						1
*Tormod Noste	'41											x						1
*Vilhelm Sjøvold	'51											x						1
*Peder Sandbakk	'56													x				1
Asle Rosø	'60																x	1
Einar Totland	'60																x	1
Frank Sunde	'58																x	1
Inge Myklebust	'61																x	1
Klas Nord	'58																x	1
Reidar Haugland	'59																x	1
Svein Olav Myklebust	'60																x	1

Tilflyttarar og skuleelevar

I den perioden vi har teke føre oss var dei aller fleste spelarane "innfødde" eidarar eller frå bygdene omkring. Patriotismen var stor, og berre unntaksvis skifta spelarar klubb i kretsligaen. På -60 talet var nesten alle spelarane fastbuande, men utflytta studentar og nokre som var inne til førstegangstjeneste spelte etter vårsemesteret og når dei hadde permisjon. Seinare vart det meir vanleg at klubben "henta heim" spelarar. Reisekostnadane vart då betalt av klubben.

I tillegg til dei lokale spelarane som vaks opp på Eid, og er velkjende for dei fleste, så vil vi nemne litt om tilflyttarar og skuleelevar som spelte for klubben i tidsrommet -62 til -77. Fleire av dei vart bufaste i Eid.

Tage Hansen (sesongane 61-66)

Kom frå Danmark til Eid i sommaren -59 som vikar/meierist på Nor Meieri. Returnerte same haust. Vart henta attende til fast jobb året etter. Tage fant seg seinare kone på Lund og busette seg der-

Bjørn Kaldhol (sesongane 62-64)

Gymnasiast som var målmann for Eid i 3 sesongar. To år som student og deretter eit år som lærarvikar-

Odd Magne Visnes (sesongen 62)

Gymnasiast frå Hustadvika-

Oddmund Osen (sesongane 63-66)

Kom til Eid som slaktemeister/avdelingsleiar i slutten av byggeperioden til Vestlandske Salslag. Oddmund fikk snart eit godt auge til ei lokal jente på kontoret. Etter eit par år gifte dei seg, og flytta seinare til Kvinesdal og Molde

Kjell Lien (sesongane 64 og 67)

Frå Hornindal. Kragsets Handelsskule på Eid i -64. Seinare spelte han og -67 sesongen.

Even Nøstdal (sesongen 65)

Frå Selje. Eid Realskule 63-65.

Christian Bakken (sesongane 67-68)

Kom til Eid saman med familien då far hans vart NK på Vestlandske Salslag.

Nils Haugen (sesongen 69)

Kom frå Hornindal til vikarjobb på framhaldsskulen.

John Valør (sesongen 70)

Kom til Sandane i -69 som lærar på Gloppen Ungdomsskule. Samstundes byrja kjærasten hans på Eids Gymnas. Han trente litt med STIL, men valde Eid pga mykje betre miljø.

Kjell Nøstdal (sesongane 70-76)

Kom som nyutdanna lektor til Eids Gymnas i 1970. Gifte seg med ein sambygding frå Selje og vart bufast på Eid.

Konrad Lilleng (sesongane 71-72)

Gymnasiast frå Lyngen i Troms.

Tom Paulsen (sesongane 71-72)

Gymnasiast frå Herøyholmen på Helgeland.

Helge Thorsen (sesongane 71-72)

Gymnasiast frå Karmøy.

Vilhelm Sjøvold (sesongen -72)

Gymnasiast frå Sotra.

Jens Chr. C Jensen (sesongen -72)

Kom til Eid i -71 for jobb på Vestlandske Salslag. Fann kjærleiken og busette seg på Midthjell.

Tormod Noste (sesongen -72)

Frå Nesseby. Kom til Eid -68. Han hadde møtt ei eidajente eit par år før i Oslo. Dei gifte seg og vart bufast

Ola Øyaseter (sesongane 74-75)

Frå Orkdal. Turnuslege på Nordfjord Sjukehus.

Peder Sandbakk (sesongen -74)

Frå Stryn, gymnasiast på Sandane og spelte fotball for Eid.

Målscorarar 1962 – 1977

Namn	mål 1962-1977
Sjur Holst	76
Sverre Heggen	70
Rasmus Myklebust	63
Arve Torheim	58
Rune Totland	33
Harald O Aabrekk	32
Magnar Heggen	28
Arne S Bjørlo	27
Severin Myklebust	26
Rolf Salveson	20
Håkon Heggen	16
Sigm Lefdal	14
Ove Myklebust	11
Rolf Sunde	10
Leif Wedvik	10
Svein Taklo	9
Arild Heggen	9
Atle Sunde	8
Arve Dahl	7
Rune Holmgren	7
Arne Wedvik	4
Jostein Bjørlo	4
Rune Kroken	4
Knut Osnes	4
Håkon Haugan	4
Konrad Lilleng	3
Jens Jensen	3
Peder Sandbakk	3
Alf Os	2
Oddmund Osen	2
Asle Rosø	1
Kristian Bjørlo	1

Opprykk og nedrykk

1965

Sandane vinn 4. div. Rykker ned igjen frå 3.div året etter. Rykker vidare ned til 5. div i 1967.

1968.

Stryn vinn 4.div. Rykker ned igjen frå 3.div året etter. Rykker vidare ned til 5.div -70 og kjem ikkje opp att til 4.div før -76

1969

Tornado vinn 4.div. Rykker ned igjen frå 3.div året etter

1970

Jotun vinn 4.div. Rykker ned igjen frå 3.div året etter

1971

Måløy vinn 4.div. Rykker ned igjen frå 3.div året etter

1972.

Tornado vinn 4.div. for andre gong og blir der heile 70 talet

1973

Jotun vinn 4.div for andre gong og blir til dei rykker ned igjen i 1975

1974

Dale vinn 4.div. Rykker ned igjen frå 3.div året etter

1975

Eid vinn 4.div og blir til dei rykker ned igjen til 4.div i -79

1976

Jotun vinn 4.div for tredje gong på 70-talet rykker opp til 3.div

Stryn attende til 4.div

1977

Lærdal vinn 4.div

Gode fotballhistorier

Her kjem nokre korte historier «frå svært pålitelege kjelder». Den første lenge før vår periode.

1

Nordeuropas hissigaste backrekke:

Pøkjén (Steffen Os)

Kvepsen (Arne Lillestøl)

Pissemauren (Peder Sørland)

Ein gong vart ein av dei så sint på dommaren at han, etter at kampen var slutt, sprang etter han frå Plassen og heilt opp i Korsvegen før han nådde han att. Då sparka han dommaren i ræva og gjekk roleg ned att. Historia seier ingenting om kva dommaren gjorde eller eventuelle konsekvensar for spelaren.

2

I 1961 var Brann på treningsleir i Stryn og spelte treningskamp mot blant andre Eid.

Eid stilte med eit reserveprega lag og tapte 7-1.

Blant spelarane var Lidvard Bergset som tilfeldigvis kom springande forbi på joggetur. Han vart hanka inn og spelte.

To hendingar er verdt å merke seg i denne kampen:

Alf Os (Tariffen) gjekk ned på kne og takla Kniksen. På spørsmål om korleis han klarte det svarte Alf at ein måtte ikkje sjå på kva han gjorde med beine, ein måtte sjå han i augene!

John Lillestøl (Skyggen) dømde kampen, og etter ei litt hard takling frå Kniksen bles John i fløyte, sprang opp til spelaren og sa disse «bevingede» orda: «En gang til herr Jensen og det er rett ut!

3

John Lillestøl var i si tid målmann for Eid. Seinare vart han ein myndig dommar som dømde det meste frå småguttelag til oppvisningskampar og 4.divisjon (kretsserien). Han hadde og ei litt meir ukjend karriere som trenar.



I 1962 vart Skyggen sjukmeld etter ei arbeidsulukke då han fekk ei stor forskaling over seg. I perioden han var sjukmeld fekk han trenarjobb på Sæbø. Resultata var slett ikkje noko å skryte av, dei tapte alle kampane bortsett frå ein som enda uavgjort. Men, klubben og spelarane var godt nøgde, for det var ikkje kvart år dei fekk poeng!

4

I jubileumskampen mellom Florø og Eid på Stadion i i 1963 vant Florø 2-1. Eid sitt mål scora av Arne Wedvik.

Olav Johnsen (Bollen) var sett opp som dommar, men trekte seg når han såg kor mykje publikum som var møtt fram. Inn kom John Lillestøl, og som alle veit var han ein mann for store anledningar.

Ein offiser frå militæret som var tilstades ynskte dommaren lykke til med kampen idet John var på veg inn på bana, og John svarte kontant: "Jeg gjør alltid mitt beste, herr general»!

5

Stryn-Eid 1-5. John Lillestøl dømmer sjølv om han var «ein smule» indisponert. Eit av måla kom på straffespark. Dommaren stod med ryggen til då Gunnar Os ropte «straffe» frå sidelinja. Skyggen snudde seg resolutt og peikte på straffemerket. Ifølge augevitner var det eit korrekt idømt straffespark.

6

Olav Johnsen (Bollen) gjorde come-back i ein B-kamp mot Breim i 1965. Han var oppmann dette året, og denne kampen var han svært lysten på å spele sjølv. Men, for at han skulle få plass på laget så måtte han syte for at ein av angrepsspelarane ikkje vart med på turen. Dermed fekk han bilane til å køyre opp sørsida av eidsdalen til Nor for å unngå å plukke opp han som stod og venta i Moskva. Slik vart det plass til Bollen som ytre-venstre.

Når dei kom til Stryn var det mat og drikkepause. Bollen for inn til på Smeby, bestilte mat og to flasker vin. Maten brydde han seg ikkje om, men flaskene tok han med seg.

Eit stykke ned i den første flaske lovde han å score mål i *come-backet*, og når den første flaske var tom lovde han minst tre mål. Etter den andre flaske, og no var dei snart framme på Breim garanterte han 1000 mål.

Ei morosam hending frå denne kampen var då Bollen tok hjørnespark. Rundt bana var det sett opp ei gjerde omlag ein meter frå hjørneflagget. Bollen måtte ha meir fart for å sparke ballen innom 16-meteren, så han klatra over gjerde. Her fekk han god fart fram til gjerde, men der måtte han sjølvstopp stoppe heilt opp igjen for å forsere hinderet.

7

Ein av stor-scorarane på 60-talet markerte seg seinare med mange morosame historier på trykk i Fjordabladd. Dette er to av dei:

Høna mi

Då eg alltid heve vore glad i dyr så tok eg meg den frihet å koke ei slik ei.

Ja, tru det eller ei, det tok fleire dagar å koke ho, sjølv om lokket sto på.

Etter tre dagar kikka eg opp i kjelen, men det var seigt endå.

Etter ein del att og fram, gav eg høna til katten hans Per. A. Håvik.

Sia hev eg ikkje sett katten.

Welcome too Eid

Etter mitt syn er det nydelig pent å se disse store turistbåtene midtfjords. Minuset er at disse to tusen mennesker, helt opp til 80 år dessverre ikkje kan svømme til land, det er jo mot strømmen.

Hadde nu Eid kommune brukt litt intelligens og bygget en kai til disse båtene, så ville kommunen helt sikkert tent det inn på 5 år, og forretningsfolket på Eid og alle ville tent godt på skatteingangen. De må bunkre, vann og mat. Stryn kommune tjener 75 million. Men som sagt, eg heter Ola Normann.

8

Ein gong vi skulle til Årdalstangen med sjøfly frå Sandane kom eigaren av Firda Fly køyrande med ein av pilotane ned til flytebyggja der vi stod og venta. Sjøføren opplyste då at piloten ikkje kunne køyre sjølv fordi han kom rett frå bryllaup. Deretter henta piloten flyet og «taxa» over bukta mot oss. Midtfjords såg vi at flyet stansa og motoren vart stoppa. Ut på flottøren kom piloten som åpna panseret og dreiv med noko i motorrommet på flyet. Etter ei stund avslutta han arbeidet og køyrde vidare inn til kaia for å ta om bord passasjerane. Han fortalde då at det var ein liten oljelekkasje i motoren som han hadde reparert.

Vi tok av og alt gjekk fint heilt til vi skulle ned for landing på vatnet i Øvre Årdal. Då spruta det olje frå motoren opp på frontruta i flyet. Oljefilmen gjorde det umogeleg å sjå noko framover, men sidevindauga var ganske klare. Piloten som hadde landa på vatnet mange gongar før var mest oppteken av å unngå eit spenn av kraftliner over vatnet, og instruerte passasjerane i framsetet om å sjå etter småbåtar når vi skulle lande. Heldigvis gjekk landinga fint, men ikkje alle ville være med flyet heimatt etter kampen.

9

Anders Holvik, alias «Kleivedammen», var kjend i heile fylket for å være ein god og myndig dommar med glimt i auget. Han vart også kalla «Silkebuksa» fordi han var ein føregangsmann når det kom til dommarantrekk.

Ein gong etter kamp i Florø, truleg 1970, var mange spelarar samla i restauranten på Victoria Hotell. Vi hadde vunne kampen mot Florø, som vanleg var på den tida. Stemninga steig, og Holvik, som hadde dømd kampen mønstergyldig same ettermiddag, var til stades.

Til stor jubel og kraftig applaus gjorde dommaren seg bemerkta som showmann og humorist. Til tonefølge frå Rune Totland på piano «strippa» Holvik av seg jakka, selar, slips og skjorte med ei innleving vi seinare ikkje har opplevd. Tilskodarane til denne eventyrlige framsyninga var like lukkelege som overraska over at dommaren ikkje berre var ein myndig herremann, men også ein fantastisk artist!

10

Ein annan dommar frå Sandane vart tidleg på 70-talet utsett for grove trugsmål etter ein kamp på Eid Stadion der heimelaget vart bortdømt. Nokre eida-*supportarar*, og kanskje spelarar også, var så sinte etter kampen at dei, etter nokre forfriskingar, skreiv eit kort til dommaren med trugsmål om at det i framtida ville være fare for liv og helse om dommaren kom gjennom Lote-tunnellen. Det brevskrivarane truleg ikkje var kjende med, var at denne dommaren var lensmannsbetjent på Sandane. Saka vart etterforska og omtalt i lokalavisene, men lagt bort etter kort tid.

11

Setting og trykking av aviser på 60- og tidleg 70-talet var ganske arbeidskrevjande, og den vidgjetne redaktøren P.G. Larsen i Fjordenes Tidene hadde sterk mistanke om at Fjordabladet kopierte fotball-tabellane som Fjordenes Tidene hadde laga. For å få stadfesta mistanken la han ein gong inn feil i tabellen for å avsløre Fjordabladet. Og ganske riktig, same feil vart prenta i Fjordabladet. Etter neste kamp retta Fjordenes Tidene opp att feilen, medan Fjordabladet fortsette heile sesongen med same følgje-feil.

12

Når vi er inne på journalistikk, så var det mange som mistenkte ein av våre spelarar for å skrive nokre av referata i Fjordabladet der han sjølv fekk gode skussmål. Desse referata manglar signatur. Dei andre referata er signerte.

13

I ein kamp mot Årdalstangen på Eid Stadion storma målmann vår lykkerus ut mot midtbana for å gratulere ein medspelar med scoring samstundes som dommaren sette spelet i gang igjen. Ein av Tangen sine angriparar registrerte at keeperen var langt ute på bana, og sende ei kanonkule frå midtbana over ein undrande keeper og i mål.

14

Ein annan målmann var svært uheldig med eit utspel på koksgrusen i Høyanger. I det han skulle sparke ut ballen glei han på grusen og datt bakover på ryggen. I den bevegelsen klarte han på ein akrobatisk måte å treffe ballen, men retninga ballen tok kunne han ikkje kontrollere. Ballen gjorde ein fin boge over hovudet til keeper og i eige mål.

15

Etter opprykk til 3.divisjon kom vi i avdeling saman med mange lag frå Bergen og området rundt. Oftast reiste vi med buss dagen før kamp og heim rett etter kamp. Rutebilstasjonen var alltid stoppestad på Eid, og vegen derifrå til Nordfjord Hotel var ikkje lang for dei som framleis var tørste.

Ein gong etter stengetid vart ein av spelarane truleg plaga av dårleg samvit, og bestemte seg for å få med seg ein presang heim til kona. På veg heim gjekk han derfor innom ein lokal fiskar i nærleiken av hotellet, og fekk med seg ein liten laks. Men gåva vart ikkje motteken slik mannen hadde håpa på. Hadde ikkje fisken vore frosen, seier han, så hadde han nok fått den i «haudet»

16

I Bergen overnatta vi oftast på Hordaheimen. Mange av oss hadde behov for å strekke beina etter ein lang busstur og vi ville også gjerne ha litt mat og drikke før vi gjekk til sengs. Ein gong var det fullt på alle eteplassane i sentrum, men ein av oss visste korleis dette kunne ordnast. Han ringde Hotel Orion og fekk reservert bord til eit heilt mannskap som nyleg var komne i land frå Nordsjøen. Framme ved Orion passerte vi om lag hundrede meter kø og spaserte rett inn.

17

I ein kamp mot Erdal på Eid Stadion i -76 fikk *Doffen* annullert eit mål for offside etter eit kjempescoring frå meir enn 40m. Fjordabladet skriv at dommar Titlestad er det verste vi har sett av dommarar her i fylket og at vi vonar vi slepp å sjå han meir i fotballsamanheng. Måkan til partisk dømming skal vi leite lenge etter. Trenar Jostein Bjørlo seier: *Om dommaren såg nokon i offside posisjon i midten må det ha vore hallusinasjonar.*

18

Tornado-Eid på Refvika i -77 enda 1-4. Simen utvist etter 2 gule kort rett før slutt. Svært audmjukande for Tornado, truleg det verste tapet deira på heimebane sidan dei tapte 1-3 for Haugen i -68. (Tornado tok grusom hevn året etter i åpningskampen på nye *Klenkarberget* med siger 14-0 over Haugen). Undervegs i vår kamp mot Tornado vart vi »steina» av koner og barn til Tornado-spelarar og leiarar. Det same gjentok seg seinare i ein kamp på Eid Stadion (-79). Det gjekk mot tap for Tornado, og mange ungar frå Raudeberg samla seg bak målet til Eid for å kaste stein på vår målmann.

19

Ein av våre spelarar vart eingong utvist etter kampslutt. På veg ut av bana, etter tap for Sandviken i Bergen, sa han til ein av medspelarane at dette er den verste f----dommaren han hadde møtt. Dette høyrde linjemannen som sporenstreks sprang til dommaren og rapporterte. Dommaren kom deretter inn i garderoben vår og viste det raude kortet.

Gode råd og sitat

Fleire spelarar under utdanning og militæret vart skrivne heim frå ulike stader. Ein gong nokre av oss var på veg heim frå Oslo, opplevde vi at stortingsmann Paul Svarstad på flyet gav oss råd om å ete eit kilo appelsiner dagen derpå for å finne igjen formen – han visste kven han snakka med.

A-laget til Eid var på denne tida, og før det, velspelande; og Fjordenes Tidende (PG) tok det lenger og skreiv:

...mot den lette tekniske fotballen til Eid kjemper selv gudene forgjeves

- PG i "Kavringen" i anledning Måløy-Eid 1-4 i -69: ".vi husker med glede Eid-årgangene fra 50-tallet, som viste den fineste tekniske fotballen og det en kan kalle fotballkulturher i fylket, Jotun være oss unnskyldt! I dagens kamp var det en fornøyelse å se disse karene i aksjon, best var vel nieren R. Myklebust og keeper S. Ness, men bevares for en verdi det er å ha veteraner som brødrene Heggen - i posisjonsspillet var gultrøyene langt overlegne..."

1956 ?



Eigar: Marit Heggen

Framme frå v.: Leon Wedvik, Per Haugan, Olav Haugan.

Bak: Jetmund Englund, Håkon Heggen, Alf Os, Svein Haugland, Sverre Heggen, Tor Torheim, Bjarne Myklebust, John Olsen.

1961



Eigar: Stein Salveson

Framme frå venstre: Arne Wedvik, Leif Wedvik og O. Visnes.

2. rekke f.v.: Sverre Heggen, Lars Englund og Alf Os.

3.

3. rekke f.v.: John Lillestøl, Jetmund Englund, Tage Hansen, Håkon Heggen, Knut Osnes og Lidvard Bergseth

1963



Eigar: Marit Heggen

Framme frå venstre: Olav Skaugseth, Inge Nord og Øystein Nesse.

2. rekke frå v.: Alf Os, Leon Wedvik og Sverre Heggen.

3. rekke frå v.: Sjur Holst, Håkon Heggen, Håkon Haugan, Arve Kvien og Arne Wedvik

1964



Eigar: Marit Heggen

Framme frå v.: Håkon Heggen, Svein Taklo, Svein Ness, Kjell Einar Smørdal og Oddmund Osen.

Bak: Arne Steen Bjørlo, Severin Myklebust, Olav Skaugseth, Håkon Haugan, Sverre Heggen, Alf Os og Olav Johnsen

1970



Eigar: Stein Salveson

Framme frå v.: Sigmund Lefdal, Ove Myklebust, Arve Nes, Arve Dahl, Svein Taklo og Arne Steen Bjørlo.

Bak frå v.: Arve Torheim, Stein Salveson, Rasmus Myklebust, Rune Totland, Lars Englund, Kjell Nøstdal og Sverre Heggen.

1974



Eigar: Stein Salveson

Framme frå v.: Ove Myklebust, Rolf Salveson, Svein Ness, Harald Kolseth og Stein Salveson.
Bak: Inge Nord, Kristian Bjørlo, Rune Kroken, Peder Sandbakk, Ola Øyaseter, Rasmus Myklebust, Arve Torheim, Kjell Nøstdal og Arild Heggen

1976



Framme frå venstre: Inge Nord, Andreas Nord, Inge Kroken og Håkon Heggen.

2. rekke f.v.: Rune Kroken, Frode Nord, Ole Jan Skår, Svein Ness, Ole Johan Myklebust, Atle Hustveit, Kristian Bjørlo og Magnar Heggen.

3.rekke f.v.: Rune Holmgren, Håkon Aabrekk, Harald Kolseth, Harald O. Aabrekk, Stein Salveson, Rasmus Myklebust og Rolf Sunde.

4.rekke f.v.: Arve Dahl, Arne Steen Bjørlo, Rolf Salveson, Kjell Nøstdal, Arve Torheim, Jostein Bjørlo og Sverre Heggen

Kjelder;

Private arkiv frå Rune Totland, Stein Salveson, Rolf Salveson, Svein Ness, Laurits Fjørtoft, Jostein Bjørlo og Einar Waage. Lokalavisene Fjordabladet og Fjordenes Tidene samt lokalaviser i Sogn.

Tusen takk til;

Erling Andreas Aabrekk for uvurderleg datahjelp med redigering og samordning av informasjonen vi har samla.

Jarle Jacobsen for fantastiske teikningar av kjende personlegdomar i bygda.

Vi vil og takke alle andre som velvillig har hjelpt oss med informasjon til dette heftet.

Rolf og Håkon

